

Saksframlegg

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/1249-1

Forslag til medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2017-2019.

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) til å gjere slikt vedtak:

(Saka vert lagt fram utan tilråding.)

Vedlegg:

1. Brev frå Trygg Trafikk datert 16. november 2016.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Bakgrunn for at saka er reist

Trygg Trafikk sine medlemar har motteke brev frå Trygg Trafikk datert 16. november 2016. Her vert medlemsorganisasjonane bedt om å fremja grunngjeve forslag på medlemar til Trygg Trafikk sitt styre for tidsrommet 2017-2019.

2. Saksopplysningar

I brevet frå Trygg Trafikk datert 16. november 2016 står m.a. følgjande:

«Trygg Trafikks landsmøte 2017 er berammet til 25. april. En av de vedtaksfestede sakene på dette møtet er valg av medlemmer/varamedlemmer til vårt styre. Forslag på kandidater til styret må være valgkomiteen i hende senest to måneder før landsmøtet.

Trygg Trafikks administrasjon har, etter anmodning fra valgkomiteens leder Anne Stine Eger Mollestad, fått i oppdrag å be organisasjonens medlemmer om å fremme begrunnede forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for tidsrommet 2017-2019.

På kommende landsmøte er styreleder, to medlemmer og to varamedlem på valg. Valgkomiteen ønsker at forslag på aktuelle kandidater sendes Trygg Trafikk, boks 277 Oslo sentrum, 0103 Oslo, innen 9. februar 2017.

Valgkomiteen ber om at medlemsorganisasjonene gjerne foreslår to kandidater, en kvinne og en mann. Dette vil gjøre at komiteen får flere kandidater til vurdering. En oversikt over styrets nåværende sammensetning vedlegges.»

Saka om forslag til medleamar til Trygg trafikk sitt styre vart i 2015 og 2016 lagt fram i FTU-møte utan framlegg til vedtak. Vi tilrår at gjeldande sak i 2017 også vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

Det er avtala med valkomiteen frist til 15. februar med tilbakemelding av kandidatar.

3. Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.